

---

**Fra:** Øyvind H Oddekalv  
**Sendt:** 27. februar 2019 10:25  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** VS: Vegutbetring 564 Fløksand Vikebø film og avisinnlegg  
**Vedlegg:** 20190220-avisaNH-Har-avgjor.pdf

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bjarte Skintveit [<mailto:b-bass@online.no>]  
Sendt: 25. februar 2019 13:24  
Til: Torsvik Eva-Beate Rundereim  
Kopi: Merethe Tvedt; Øyvind H Oddekalv  
Emne: Vegutbetring 564 Fløksand Vikebø film og avisinnlegg

Til Eva-Beate Rundereim Torsvik i Statens vegvesen

Gjeld Regulering Fløksand Vikebø - film om trasèval og avisinnlegg.

Vil ein gong til minna om alle fordelande ved anlegging av ny trasè, kontra gjennom gårdstun, avkjørslar, undergang, støyskjerming, og det store tapet for landbruksområda.

Eg har laga ein opplysende film over området, der mine argument kjem fram.

Du finn den ved å følgja denne linken:

<https://drive.google.com/open?id=1ciC-rtyjx4pjhJLH9Mjbe3S3WobInrs->

Det sto å lese i lokalavisa 20/2/19 at vegvesenet har sett på fleire alternativ for ny veg og at dei no har avgjort trasèvalet.

Eg legg ved kopi av avisa og vil gjerne høra ein kommentar til dette.

Viser og til Meland kommune sin merknad av 18.06.18.

Vi stiller oss bak kommunen sine merknadar og spørsmål. Deira foretrukne trasè B3, unngår heilt landbruksinteresser/dyrka mark/gardstun. Dei påpeikar og at silingsrapporten særleg vektlegger konfliktnivået ved Hundetjørna og trekker såleis alternativet B3 ned.

Konfliktnivået her kan reduserast ved å trekka trasèen godt nord for myra.

Eg vil og understreke at ein ikkje må sjå seg blind på denne myra og gløyme konfliktnivået for landbruket.

Kommunen påpeiker feil i silingsrapporten - blant anna at B3 vert liggande tett på Steinberget gard - det står og på side 54 at "Alternativ B3 tek lite fulldyrka jord,... .." Dette alternativet tek ikkje noko fulldyrka jord. Dette er uheldige feil, som bør rettast.

Legg gjerne til nokre merknadar til silingsrapporten - Angående økonomi er det mange løse tråder og det er urimelig at dette åleine skal være bestemmende:

I alternativet B1 går ein utfrå at "eksisterande vegkropp kan brukas som den er, og at ein berre må masseutskifta utvidinga av vegen. " Har vanskeleg for å tru at eksisterande veg kan brukast, då den for det meste ligg på myr. Vil og tru at alle avkjørslene til hus, hytter og landbruk fordyrar alt. B1. Når ein deler landbrukseigedommar kjem undergang på tale. Bygninger må isoleres mot støy. Den kommunale vassleidninga som ligg langs eksisterande veg kan og fordyre prosjektet.

Håper og at ein ser litt framover og tar høgde for behovet for ny veg til golfanlegget og kommunen sitt planlagte industriområde ved beitingevegen.

Eksisterande veg kan ikkje utvidast på grunn av samme kvikkeira, og ny trasè vil enkelt kunna kombinerast med alternativ B3. Forslag til dette vert illustrert på kartet i tidligere nevnte film.

--

MVH

Bjarte J Skintveit

Turbil - Musikk - Utleige

mob.:450 66 764

e-post: [b-bass@online.no](mailto:b-bass@online.no)

Kopi til Meland Kommune v/Merethe Tvedt og Ordfører Øyvind Oddekalv